

**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgate 5  
**Dato:** 07.12.2016  
**Tidspunkt:** 09:00 – 13:15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
Nina Murberg	Medlem	FFO
Solbjørg Helen Krossli Marjala	Medlem	FL R/SV/SP/KRF

**Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:**

Namn	Funksjon	Representerer
Kirsten Syljeset	Medlem	H

**Frå administrasjonen møtte:**

Namn	Stilling
Merethe Helland Nordnæs	Jurist/rådgjevar Fylkessekretariatet

## Sakliste

Utvalls- saknr	Innhald	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 44/16	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 45/16	Godkjenning av sakliste		
PS 46/16	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 47/16	Referatsak (meldingar)		
RS 35/16	Oversikt økonomi - per 28.11.2016	2014/558	
RS 36/16	Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017	2015/10845	
RS 37/16	Møtoreferat frå RMNF-AU, 24.11.16	2016/34506	
RS 38/16	Temadag 2017 - status program	2014/558	
RS 39/16	RS 34/16 Skyss sin digitale billetteringsløsning	2014/558	
RS 40/16	Skyss sin digitale billetteringsløsning	2014/558	
RS 41/16	Angående epolitikar og menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 42/16	Regional transportplan - innspel frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
RS 43/16	Orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering	2014/558	
RS 44/16	Tertnes vgs - innspel frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 48/16	Forslag til budsjett 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	2014/558	
PS 49/16	Ymse		

### PS 44/16 Godkjenning av møteinnkalling

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.2016

#### Vedtak

Møteinnkallinga vart godkjent utan merknader.

### PS 45/16 Godkjenning av sakliste

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.2016

#### Vedtak

Sakslista vart godkjent utan merknader.

### PS 46/16 Godkjenning av møtebok forrige møte

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.2016

#### Vedtak

Møteboka frå førre møte vart godkjent utan merknader.

## **PS 47/16 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.2016**

Referatsak 35-36 vart refererte.  
Referatsak 39-42 vart refererte.  
Referatsak 44 vart referert.

#### **Referatsak 37/16**

Møtereferat frå RMNF-AU møte den 24.11.16 vart godkjent.

#### **Referatsak 38/16**

Temadag den 27.03.17 – status program:

Kl 10:00 Opning: Kjell Håland får bekreftelse frå fylkesordførar om at ho kan opne temadagen.

Kl 10:15 Administrasjonen kontaktar Anders Eriksen i Bufdir angående om å halde eit innlegg/oppdatering frå Buf.dir.

Kl. 10:40 Kommunesamanslåing og råda – konsekvensar og tips til samanslåing: Ordførar i Lindås Astrid Byrknes har sagt ja til å halde innlegg. Administrasjonen må få dette bekrefta skriftleg.

Kl. 11:10 Satsing på psykisk helse og konsekvensar av kommunesamanslåing. Rogde frå Fjell kommune har takka ja til å halde innlegg. Administrasjonen syter for at dette vert bekrefta skriftleg.

Kl. 12:40 Flyktningar og psykisk helse – ei oversikt. Administrasjonen kontaktar RVTS om å halde innlegg.

Kl. 13:10 Arbeid med flyktningar og psykisk helse. Administrasjonen kontaktar Vrådal i Bergen kommune angående om å halde innlegg.

Kl. 13:50 Erfaring frå ei flyktning med nedsett funksjonsevne. Administrasjonen kontaktar flyktningerepresentant David M. Wanyama, etter tips frå rådsmedlem Inge Fiskvik.

Kl. 14:10 Korleis jobbar HFK med å integrere ungdom i vgs, med fokus på psykisk helse. Administrasjonen kontaktar Opplæringsavdelinga om nokon kan halde eit innlegg på ca. ½ time.

Kl. 14:40 Fargespill: Kjell H kontaktar nokon i Fargespill for å høyra om nokre av dei kan ha eit kunstnerisk innslag.

Rådets medlemmer kan ha navnelappar med ein annan farge, enn resten av deltakarane. Dette for at rådmedlemmane kan vere meir synlege, i fall nokon har spørsmål til rådet.

#### **Referatsak 43/16.**

Orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering. Administrasjonen tar kontakt med Birte Markeseth Aasen med sikte på ei orientering om handlingsplanen i møte den 01.02.2017.

**RS 35/16 Oversikt økonomi - per 28.11.2016**

**RS 36/16 Større saker til politisk behandling 1. halvår 2017**

**RS 37/16 Møtereferat frå RMNF-AU, 24.11.16**

**RS 38/16 Temadag 2017 - status program**

**RS 39/16 RS 34/16 Skyss sin digitale billetteringsløsning**

**RS 40/16 Skyss sin digitale billetteringsløsning**

**RS 41/16 Angående epolitikar og menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 42/16 Regional transportplan - innspel frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

**RS 43/16 Orientering om arbeidet med Handlingsplan for likestilling, likeverd og inkludering**

**RS 44/16 Tertnes vgs - innspel frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

## **PS 48/16 Forslag til budsjett 2016 for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne**

### **Forslag til vedtak**

Med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om Årsbudsjett 2017 / økonomiplan 2017-2020 vedtek rådet for menneske med nedsett funksjonsevne budsjett 2017 slik det føreligg.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.2016**

#### **Røysting**

Administrasjonen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

#### **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek forslag til budsjett for året 2017, slik det ligg føre, med atterhald om fylkestinget sitt vedtak om Årsbudsjett 2017.

## **PS 49/16 Ymse**

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 07.12.2016**

Nina Murberg, frå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne, orienterte om emnet diskriminering.

I forlengelsen av dette tema, ble det opplyst at det var kommet en ny NOU, NOU 2016 nr. 17 «På lik linje - Åtte løft for å realisere grunnleggende rettigheter for personer med utviklingshemming». NOU 2016 nr. 17 er utarbeidet av Rettighetsutvalget. Utvalet overleverte utredninga «På lik linje» til Barne- og likestillingsdepartementet den 3. oktober 2016. Høyringsfristen er den 02.03.2017. Utredninga foreslår åtte løft for å betre situasjonen for personar med utviklingshemming. Denne saka bør og drøftast på AU-møtet den 05.01.17.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ynskjer å få denne saka opp på neste møte i rådet den 01.02.2017.

Kjell Søvik og Harald Nordheim lagar ein uttale.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber om at vi på neste møte i rådet får ei orientering om regional plan for kompetanse. Det vert sendt ein førespurnad til Opplæringsavdelinga.

Inge Fiskvik, FFO, orienterte rådet om at FFO hadde fått ein auke i tilskotet til organisasjonen.

Inge Fiskvik, FFO, orienterte rådet om at det i forslag til Statsbudsjettet, var eit forslag om auke i midlar til Transportordninga for funksjonshemma, utvida TT-ordning.

Leiar orienterte om ei sak som gjaldt skuleskyss. Rådet hadde fått ein førespurnad i ei sak som gjaldt skuleskyss for ein elev på dagar der timeplanen avviker frå dei ordinære skuletidene. Rådet har retta ein førespurnad til samferdselsavdelinga, og deretter Skyss. Rådet har den 23.11.16 fått ein orientering frå Målfrid Vik Sønstabø, leiar for avdeling Trafikktilbud i Skyss. Solbjørg Marjala vil ta saka opp i Utval for opplæring og helse.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne tek orienteringa frå Skyss til etterretning.